

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 44/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr:

## **Søknad om tilskot – FYSAK**

FYSAK Koordinator i Vestre Slidre, Gerd Nanti Vika Helle, skriv i brev datert 3.9.05 følgjande:  
*Vil som koordinator for FYSAK satsinga i kommunen og i Oppland fylke få takke for eit veldig godt samarbeid og arbeid så langt. Tiltaket har utan tvil vore med på å stimulere til at endå fleire har take seg turar ut i naturen fleire gonger enn dei kanskje ville gjort utan desse postane. Har fått positiv tilbakemelding frå mange hold om at dette må vi vidareføre.*

*For å stimulere flest mulig til å ta alle postane kvart år ( minst 10 turmål ) ynskjer vi å kjøpe inn f. eks eit " fjell-krus" som alle desse kan få som eit symbol på at alle mål er nådd for 2005 osv. Dette krev pengar, derfor denne søknaden. Eit krus kan kost opp mot 100 kr, og vi håpar på større og større oppslutning etter kvart. Krusa blir billegare i innkjøp til fleire vi kjøper. Antallet er lite vanskeleg å seie noko om no. Optimistisk kan vi håpe på mellom 50 og 100 stk fyrste året. Fordelen her er at vi treng ikkje bestille fleire enn vi treng, fordi alle som vil ha "fjell-krus" må levere inn korta sine før vi bestiller.*

## **Vedtak:**

Fjellstyret ser svært positivt på tiltaket og vedtek å dekke 50 % av utgiftene til premiekrus for 2005.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 13.9.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Gerd Nanti Vika Helle